

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 12. februar 2021

Stad: Teams

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor, Ål kommune

Pål Rørby, Hemsedal kommune

Petter Rukke, Hol kommune

Herbrand Jegleim, Gol kommune

Tore Haraldset, Nesbyen kommune

Merete H. Gandrud, Flå kommune

Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Ole Johnny Stavn, Hol kommune

Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune

Hege Mørk, Gol kommune

Reidun Katrine Halland, Hemsedal kommune

Henrik Skovly, Nesbyen kommune

Odd Egil Stavn, Flå kommune

Ingen møtte frå Viken fylkeskommune:

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar

Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar

SAK 10/21 UTVIKLING AV NORTURA GOL, VIDARE ARBEID**Vedtak:**

1. Med bakgrunn i forstudie utvikling Nortura Gol vil Regionrådet for Hallingdal setja i gang eit vidare arbeid, med utgangspunkt utvikling Nortura Gol.
2. I det vidare arbeidet er det skissert følgjande to hovuddelar:
 - Definere og vurdere utvikling av Nortura Gol, ved aktuelle scenario
 - Vurdere alternative løysingar for å sikre arbeidsplassar med bakgrunn i kjøtt frå Fjell - Noreg, og vidareforedling av desse.
3. Kostnadane er rekna til i storleik kr. 300.000, der det blir føreslege slik finansiering:
 - Regionrådet for Hallingdal kr. 100.000
 - Gol kommune kr. 100.000
 - Viken fylkeskommune kr. 100.000Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 100.000 til arbeidet frå potten Strategisk plan for Hallingdal.
4. Regionrådet for Hallingdal vil vera styringsgruppe for arbeidet.
5. Dagleg leiar får i oppdrag å:
 - Avklare moglege finansiering frå Gol kommune og Viken fylkeskommune.
 - Engasjere prosjektleiar
 - Engasjere fagpersonar til å utføre fagleg del av forstudie
 - Etablere eigna arbeidsgruppe

SAK 11/21 EVENTUELT**Bygdemiljøpakker.**

Skal Hallingdal søke som region eller skal kvar kommune søke for seg?

Vedtak:

Regionrådet vedtak at det blir sendt samla søknad frå regionen om å bli ein av dei 3 pilotane som blir med på ordninga. Dagleg leiar blir beden om å utforme søknad. Søknadsfristen er 19. mars 2021

Reiselivet sitt møte med Buskerudbenken på Stortinget 17. feb.**Vedtak:**

Regionrådet vedtok at Solveig Vestenfor, Pål Rørby deltek frå det politiske. I tillegg deltek dagleg leiar for Regionrådet og tre representantar for reiselivet i Hallingdal

Ål 14. februar 2021

Jan Olav Helling
Dagleg leiar